

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	HistSak - 11/1917, FA - X42, FE - 033	15/293

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Søknad om fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har per 30.01.15 mottatt skriv fra Torill Alise Hjertås, Mongsedalen 14, 5918 Frekhaug, der ho ber om å bli fritatt frå vervet som meddommar i lagmannsretten. Søknaden er grunngjeven med helsemessige tilhøve.

#### Vurdering

Utnefning av meddommarar til lagmannsretten er regulert i domstollova, kap. 4. Medlemmene vert vald av kommunestyret sjølv kvart 4. år, jf. § 66. Etter § 68 kan formannskapet m.a. avgjere søknader om fritak, dersom kommunestyret har tildelt denne oppgåva til formannskapet. I Meland ligg det ikkje føre eit slikt delegeringsvedtak, og administrasjonen har såleis funne det rett at sjølve søknaden om fritak vert handsama av kommunestyret. I samsvar med domstollova § 74 vil ein person kunne krevje seg fritatt for val dersom helsetilstand eller andre særlege grunnar tilseier det. Det vert då lagt til grunn at dette må gjelde også inne i ein valperiode.

Dersom fritak vert innvilga bør det haldast eit suppleringsval til utvalet av kvinner, jf., § 64, og av praktiske/tidsmessige årsaker vil det vere fornuftig at kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere dette suppleringsvalet.

#### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

#### Miljø

Ikkje relevant i saka.

#### Økonomi

Ikkje relevant i saka.

#### Konklusjon

Med utgangspunkt i grunngjevinga i søknaden og reglane i domstollova vil administrasjonen tilrå at Torill Alise Hjertås får innvilga fritak frå vervet som meddommar.

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at Torill Alice Hjertås får fritak frå vervet som meddommar i

lagmannsretten for resten av valperioden. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere suppleringsval til utvalet for kvinner.

### **Kommunestyret - 11/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Torill Alice Hjertås får fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten for resten av valperioden. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere suppleringsval til utvalet for kvinner.